

Draumen om at nynorsken kunne vinna fram i byane, vart knust kring 1930.

# By og land – mann mot mann

## SPRÅK:

«Farvel, Hovudstaden: / i deg var det best: / der fann eg dei Beste, / der lærde eg mest», skreiv Aasmund O. Vinje i Ferdaminne (1860). Seinare har det vore lite glede over urbanitet og hovudstad å spora i målrørsla. Byproblemene skulle bli eit av dei mest grunnleggjande problema for målreisinga i ei etterkrigstid prega av sentralisering og urbanisering.

**FOR IVAR AASEN** var «Bysprogs» ei fellesnemning på dei dialekt-draga han tykte likna på det dansk-norske skriftmålet. Han gjorde rett nok det viktigaste feltarbeidet sitt i 1840-åra då berre 12 prosent av innbyggjarane budde i bykommunar. Men kring 1900, då 28 prosent budde i byane, byrja målfolk å pirkja i gamle sanningar. «Er folkemaale i byane gode norske maalfører?» spurde medisinstudenten Idar Handagard på eit av dei første lagsmøta i det nyskipa Studentmaallaget i januar 1901. Svarer var eit rungande ja, og etter få år var bydialektane, inkludert oslomålet, rehabilitera i det leiane sjiktet i målrørsla.



ODDMUND L. HOEL  
førsteamanuensis i historie ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

Men kva så? Ei veksende målrørsle prøvde ut fire strategiar i møtet med dei nye urbane utfordringane. Den første var samnorskstrategien. Haggard E. Berner, som skipa Samlaget i 1868, streka gjentekne gonger under at «det K. Knudsenske fornorskingsstræv og Ivar Aasens målreising [må] møtest i samarbeid». Knud Knudsen ville la oppnorkinga av det dansk-norske skriftmålet til utgangspunkt i den «danna daglegtal» i byane, og tanken om eit samarbeid mellom dei to språkprosjekta styrkte seg i 1890-åra. I mai 1902 vart jamvel Samlaget delt i to ut ifrå denne grunnanken.

**DEN ANDRE BYSTRATEGIEN** til målrørsla var segergergsstrategien. Den kvilte på eit utbreidd syn i det norske samfunnet om at byane var sentrale arenaer for moralisk og kulturelt forfall. Synsmåtan fann ein att i det ide-



STORBYANE ER SOM EI ENDELAUS MYR

### ologiske

grunnlaget bak organiseringa av målrørsla i byane. «Storbyane er som ei endeaus myr. (...) Og i si naud vender dei (byungdommen) seg til bondeunddomen. Han skal hjelpe den veike byungdomen upp or gyrra», skreiv ungdomslagsmannen Klaus Sletten i innbydinga til møtet der Bondeungdomslaget i Oslo vart skipa i oktober 1899.

**BONDEUNGDOMSLAGA** – og mållaga i byane – arbeidde primært for å skapa eit frirom for innflyttar. Som kulturpolitiske organisasjonar var desse laga bruhovud for bygdekultur, nynorsk og norskdom i byane. Den optimistiske ideen om at bondeungdomslaga ville bli ein slags trojanske hestar der bygdeungdom til slutt strøynde ut og tok over byen, bleikna likevel fort. Det vart berre unntakvis uttrykt ambisjonar om å vinna byfolk over på den «norske» sida.

Dette var målet for ein tredje strategi i målrørsla, omvendingsstrategien. Det

fremste dømet er Oslo mållag, skipa i 1912, med klart uttrykte målsetjingar om å utgjera eit alternativ til Bondeungdomslaget. Det vart kritisert av leiane folk i Oslo mållag for einast å venga seg til tilflyttande landsungdomar. Oslo mållag gjekk òg i gang med å skipa til skuletilbod (parallelklassar) for borna til foreldre som ynskte nynorsk som opplæringsmål, rett nok utan resultat.

**INGEN AV DEI TRE** målreisingstrategiane for byane førte fram. Samstundes voks ambisjonane. Framtidsmålet om å vinna heile Noreg over til nynorsk kom innanfor siktemålet, og i 1921 programfeste Noregs Mållag målsetjinga om nynorsk som einaste riksmaal. Målrørsla utvida no arbeidet for nynorsk i skule, kyrkje, litteratur og presse med ei tung satsing på offentleg målbruk og utvida språklovjeving. No kom ideen opp om å bruk Statleg lovjeving for å tvinga dei siste gjenstridige lokalsamfunna over til nynorsk i sluttfasen i målreisinga.

Prøvekluten for denne tvangstrategien vart striden om bynamna. Sidan 1905 hadde målrørsla pressa på for ei omfattande oppnorskning av stadnamna med fleire tusen namneendringar som resultat. Denne nynorske suksesshistoria kulminerte med storingsvedtaket i 1924 om namnebytet frå Kristiania til Oslo. Gustav Indrebø, statens namnekonsulent, trudde no at ein samla og omfattande bynamnrevsjon ikkje kan

møta nok nemnande motstand».

### SÅ FEIL KAN EIN TA.

I junidagane 1929 deltok 20.000 innbyggjarar i demonstrasjonstog mot Nidaros i Trondheim og 5000–8000 mot Fosna i Kristiansand. I Bergen samla 25.000 seg i demonstrasjon mot eit framlegg frå Bondeungdomslaget Ervingen (!) om Bjørgvin. Einast Nidaros kom så langt som til Stortinget, og i 1931 vart vedtaket gjort om.

Dette vart eit vendepunkt. Den gamle suksessoppskrifta til målrørsla, parlamentarisk pågangsmot, hadde gong etter gong synt seg dugande andsynes Venstre. Men i møtet med eit sterke Arbeidsparti og store demonstrasjonstog i bygatene, møtte ho veggen. For første gong var eit viktig målvedtak gjort om. Dette vart ein dramatisk sluttstrek for draumen om at nynorsken kunne vinna fram i byane.

Fram til andre verdskrig var bygdemobiliseringa medverkande til den sterke nynorskframgangen, i etterkrigstida vart det eit av vinnarkorta til riksmaalsrørsla. Målrørsla og riksmaalsrørsla spelte i realiteten det same spelet: By og land – mann mot mann.

Oddmund L. Hoel gav nyleg ut *Norsk målreising II. Mål og modernisering 1868–1940* (Samlaget). Ein lengre versjon av artikkelen står i *Syn og Segn* nr 1/2011 som kjem ut i dag.

## MIDT I KULTUREN



Bergen er nok et tilbaketlagt stadium som produksjonssted  
CARL CHRISTIAN HAMRE, SKAPEREN AV «VENNEBYEN» HAR FLYTTET PRODUKSJONEN TIL MARSEILLE, BA



Jeg synes ikke de temaene jeg jobber med har så bred kommersiell appell

KUNSTNER BJARNE MELGAARD HAR SOLGT KUNST FOR NI MILLIONER KRONER PÅ NOEN UKER, DN



«Her kommer vinteren» handler på ingen måte om vintersport, og ingen skal få lov til å gjøre den om til en nasjonal sang for norsk selvhyllest  
CHRISTOPHER NIELSEN, BROR TIL «JOKKE», NEKTER NRK Å SPILLE SANGEN, DAGBLADET



Stella vinner!  
STELLA MWANGI ER MGP-FAVORITT HOS 22 BOOKMAKERE I EUROPA, VG

Delta i kulturdebatten på kulturdebatt@bt.no. Maks lengde hovedinnlegg: 4500 tegn inkl. mellomrom, spalteinnlegg 1800 tegn.